



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Administrasjon

SPRITZ AS  
Sæbøvikvegen 153

5454 SÆBØVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Gunn Berit Sandnes Fosse</b>	<b>970 24 282</b>	<b>2024/5376-18</b>		<b>14.03.2025</b>

## Søknad om uteservering – ber om avklaringar

Syner til tidlegare kontakt og til telefonsamtale i dag. Når det gjeld uteservering og eventuelle tiltak etter plan- og bygningslova og/eller veglova så er dette avklaringar som må gjerast med dei aktuelle etatane som har ansvaret for desse.

Eg har sendt ein førespurnad til Vestland fylkeskommune og bede om rettleiing til søkjar om kva krav som vert stilt til søknad/saksbehandling for uteservering nær fylkesvei. Eg har motteke svar som eg legg ved dette brevet.

Det har også vore kontakt våren 2024, mellom avdeling byggesak i kommunen og ansvarleg søkjar, i samband med førespurnad om etablering av platting m.m. utanfor bygget som Spritz no er etablert. Her vart gjeve klare føringar til søkjar kva som må til for å fylla krava til ulike måtar å byggja/laga til uteservering på. Til sist må nemnast at det i tidlegare sak om bruksendring kom nabomerknader, der naboane var skeptiske til pub/nattklubb og støy. Desse vil få høve til å uttala seg før løyvet vert gjeve til uteservering.

Dette til orientering, ta kontakt om noko er uklart.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Gunn Berit Sandnes Fosse  
Sektorleiar - Administrasjon

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*